



Arbeids- og inkluderingsminister Bjarne Håkon Hanssen  
Arbeids- og sosialdepartementet  
Einar Gerhardsens plass 3,  
Postboks 8019 Dep,  
0030 Oslo

v/ leder egil lothee  
frotn kommune  
1440 drøbak  
tlf.: 64 90 60 18  
faks.: 64 90 60 01  
e-post: leder@ffkf.no

sekretariat:  
stein trygve petersen  
stjørdal kommune  
boks 133  
7501 stjørdal  
tlf.: 74 83 75 52  
faks.: 74 83 37 99  
e-post: sekretariat@ffkf.no

organisasjonsnr.:975556581

**ffkfWeb: [www.ffkf.no](http://www.ffkf.no)**

Drøbak 10.04.07

## UTTALE OM RESSURSSITUASJONEN I NORSKOPPLÆRINGA AV INNVANDRARAR

Den nye finansieringsordninga for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarak får dramatiske følgjer for kvaliteten i opplæringa og for kompetansemiljøa som driv opplæringa (jamfør gamal finansieringsordning med timetilskot inntil 3000 timar og ny ordning med "per capita-tilskot"). Dei nye satsane (frå 01.09.05) slår no etterkvart inn for fullt, og mange lokale opplæringscenter står i fare for å bli nedlagt i den forma dei har no. I mange av dei små og mellomstore kommunane som IMDI har satsa på som busettingskommunar, vil den sterke nedbygginga føre til:

- At elevane berre får 8 - 10 timar per veke i norskopplæring
- At det blir umogleg, innafor tildelt ramme, å gjennomføre 50 timar samfunnskunnskap på eit språk elevane forstår
- At kommunen taper kompetanse i opplæring av flyktningar
- At tilskotsordninga undergrev intensjonane i Introduksjonslova
- At svært mange kommunar vil vegre seg mot å busetje flyktningar

**Dersom finansieringsordninga ikkje blir betre, vil ho føre til at store deler av vaksenopplæringsmiljøet i små og mellomstore kommunar må leggest ned.**

**Det viktigaste er likevel at elevane ikkje vil kunne få det tilbodet som dei må ha for å oppnå intensjonane i Introduksjonslova. På siste språkprøve, nivå A2/B1, har berre 55%/50.6% bestått skriftleg del.**

Dette viser etter vår meining at tilskotsordningane ikkje legg godt nok grunnlag for ei kvalitetsmessig opplæring.

Statsråd Bjarne Håkon Hansen sa i Sunnmørsposten 13.01.07 at:  
*"Tilskotsordningane er for dårlege. Dei eksisterande ordningane skal evaluerast og vi vil leggje inn endringar i budsjettet for neste år".*

Mange av kommunane vil måtte gjere store nedskjeringar alt frå hausten 2007. Det betyr både oppseiing/flytting av personale og oppseiing av lokale til kontor og undervisning.

kto.nr. 0539 36 65000 v/ kasserer kristin sørlie, stalsberg terrasse 2, 2010 strømmen.

---

### arbeidsutvalget:

leder egil lothe, frogn / akershus  
kasserer kristin sørlie, skedsmo / akershus

medl. anne johansson, Lillehammer / oppland  
medl. arvid jensen, vefsn / nordland

sekretær stein trygve petersen, stjørdal / n-trøndelag  
l. vara arild melvær, flora / sogn og fjordane

---

Dersom evalueringa av tilskotsordninga fører til nye og auka satsar frå 01.01.08, vil det vere uheldig å byggje ned kompetansemiljøa og seie opp lokale per 01.08.07 for så å ha behov for begge deler frå nyttår.

**Vi ber difor om at det blir innført ei tilskotsordning frå hausten 2007 som er minst like god som før 01.09.05. Alternativt må vi få innført ei overgangsordning til nye satsar er på plass.**

**Denne uttalen blei vedtatt på Landsmøtet til Fagleg forum for kommunalt flyktningarbeid (ffkf) 26. april 2007.**

Med helsing

Egil Lothe,  
leiar

*Kopi:*

Kommunalkomiteen i Stortinget  
Leiar i Finanskomiteen Reidar Sandal  
KS v/Nina Gran  
KS v/ Bjørn Gudbjørgsrud  
IKVO

---

**arbeidsutvalget:**

leder egil lothe, frogn / akershus  
kasserer kristin sørlie, skedsmo / akershus

medl. anne johansson, Lillehammer / oppland  
medl. arvid jensen, vefsn / nordland

sekretær stein trygve petersen, stjørdal / n-trøndelag  
1. vara arild melvær, flora / sogn og fjordane

---